



Eivindvik Gulen Sanitetslag Prestesundet 19, 5966 Eivindvik

Vestland Fylkeskommune

v/ fylkesordfører Jon Askeland

Eivindvik 05.06.2020

Tannhelsetilbudet i Gulen kommune.

Syner til saksprotokoll 30.04.2020- fylkesutvalet, der følgjande punkt måtte vurderast:

- Er 100% stilling som tannpleiar i Eivindvik det vi har trong for?
- Korleis skal ein då dekke tennlegeressursen?
- Skal ein tannpleiar i Eivindvik også dekke Hardbakke?

Eivindvik Gulen Sanitetslag meiner tannhelsetenesta er eit særst viktig tilbod å ha i ein kommune, og då spesielt med tanke på born og eldre. Eivindvik Gulen Sanitetslag synest no at situasjonen rundt tannhelsetilbudet er alt for dårleg, og ber om snarleg avgjersle i vurderingane som nemnt over.

I møte med ulike menneskjer blir det nemnt at ein vel å ikkje gå til tannlege/ tannpleiar då reisa til Knarvik er for lang. Kva vert konsekvensane av dette over lenger tid?

Ein tannpleiar vil i det minste få undersøkt born i skulealder og eldre, som kan avdekkje om vidare behandling er naudsynt. Vi ser det som heilt naudsynt at det er fast 100% stilling som tannlege og fast 100% stilling som tannpleiar for å dekkje behovet som er her.

Vi vonar at denne saka no får ei snarleg avgjersle!

Med venleg helsing

Styret i Eivindvik Gulen Sanitetslag